



Gode Lionsvenner i 104C

Månadsbrev oktober 2020

Sidan sist

Så har me på nytt flytta klokka, oktober er snart historie og me er godt inn i Lionsåret. Referat frå sonemøte rundt om i Distriktet viser at me er godt i gang. Til tross for covid-19 så er det mange gode aktivitetar ute i klubbane. Det er kjekt å lesa i Lions-bladet om LC Askøy som har bygt grillterasse til bebuarane i kommunale tilrettelagte bustader og om Leo Club Sandnes/Riska og aktivitetane som dei har. LC Os har hatt miljødag og samla store mengder boss rundt Ulvenvatnet og LC Bergen Bergenhus har vore på utflukt med Albatrossen Ettervernssenter. Ulike aktivitetar som viser mangfaldet vårt i Lions. Eg oppfordrar alle om å bruka heimesida til klubbane og til Distriktet. Del gjerne både store og små aktivitetar med oss andre på Facebooksida vår: **Lions Distrikt 104C**.

Distriktet

har arrangert **Guiding Lions** kurs der 17 spente deltakarar no ventar på eksamensresultatet. Ta kontakt med soneleiar dersom klubben ønskjer inspirasjon og treng oppfrisking for å finna ein ny giv. Me har så lett for å trø i dei same fotefara. Gjera slik som me alltid har gjort. Trygt og godt kanskje, men i lengda kan det bli einsformig og kjedeleg. Inspirerande klubbmøte og gode aktivitetar er så viktig for klubbmiljø og for å halda på medlemmene. Soneleiarane skal denne hausten ha fokus på klubbmiljø og dei skal kartleggja klubbane i sonene slik at me kan tilby hjelp til dei klubbane som ønskjer det.



Web-klubb

Så er det utruleg kjekt å kunna informera om at Distriktet har fått starta ein Web-klubb. LC Bergen Student vart oppløyst for nokre år sidan, men klubben vart ikkje formelt lagt ned. No er studentklubben omstrukturert til ein ordinær klubb som fått namnet "Lions 104C Web Club". Det er oppnemnt eit interimstyre og eg har stor trur at dette blir ein ny og spennande måte å driva ein Lions-klubb på. Ta gjerne kontakt med **GMT Jarle Rognstad**, jarle.rognstad@gmail.com, om du ønskjer meir informasjon om Web-klubben.

MyLion

Ser at ein del klubbar no er begynt å rapportera aktivitetar i MyLion og det er veldig bra. Er det klubbar som slit med å koma i gang så ta kontakt med **GLT Terje Berge**, terjelberge@gmail.com eller **GST Odd Konrad Dale**, oddkonraddale@gmail.com , Målet er å få til opplæring i dei ulike sonene. **Dette er kjempeviktig og klubbane må prioritera å få til rapportering i MyLion.**



Tråastølen

For nokre veker sidan var eg ein tur innom **Tråastølen**, som de ser. Du verden for ein flott plass Distriktet vårt har der på toppen av Hardangervidda. Til glede for mange, både store og små, gamle og unge. Men det kostar å driva denne leirplassen og Stiftelsen er heilt avhengig av støtte frå klubbane. Eg vil be om at dei klubbane som ikkje har reservert seg og som enno ikkje har betalt, betalar inn kr 100 pr medlem slik som ein er oppfordra til. Stor takk til alle dei som har støtta og kjem til å støtta Tråastølen i år også.

Julekaravanen til Marijampole

Det blir ikkje arrangert tur til Litauen i år. Men julekaravane blir det likevel. Lions -vennene våre i LC Marijampole vil syta for både julepresangar til borna og korgar med mat til familiar som treng litt ekstra til jul. Eg vil be dei klubbane som ikkje har reservert seg og som enno ikkje har betalt inn kr 2000 om å gjera det. Stor takk til dei som har gitt og til dei som kjem til å gje.

Vipps gjerne 621556 , eller bruk bankkonto 1503.50.00973

Lions Røde Fjær 2020-2021

Vil nett minna om Røde Fjær og håpar at alle klubbar har utnemnd ein Røde Fjær -kontakt. Aksjonsdagane er 18. og 19. september 2021.

Lions sentralt

Endeleg vart ny heimeside og medlemsplattforma Gnist lansert. I den forbindelse oppstod det ein god del frustrasjon hos mange, inkludert hos meg sjølv. I skrivande stund er ikkje alt på plass så me må inn til vidare berre smørja oss med ein god porsjon tålmodighet. Men eg trur at dette blir veldig bra til slutt. Les meir om den nye plattforma i det siste medlemsbladet. Eller på lions.no

Aksjon Beirut

Det er gledeleg å kunna lesa i Lions-bladet at Lions og Leo i Libanon er på plass i Beirut og har eit mål om å byggja opp igjen heimane til 3000 familiar før vinteren slår til for fullt. Tusen takk til alle som støtta aksjonen. Responsen har vore eineståande både frå Distriktet vårt og resten av landet.

Lions Aid Norway (LAN)

vedtok i januar i år å investera i sårt tiltrengt utstyr til to av dei eldste augehelseklinikkane våre i Uganda. Begge klinikkane vart besøkt av LAN i oktober 2019 og dei som var der rapporterer om at bygningane er godt ivaretekne. Utstyret var derimot gammalt, slitt eller øydelagt. Behovet for ei oppgradering var stort. For å avhjelpa situasjonen vedtok LAN å kjøpa inn nødvendig utstyr for kr. 500.000. Det er full drift og klinikkane dekker ca 6 millionar menneske. Utstyret vart bestilt i januar men på grunn av Covid-19 var det på plass først no i oktober. Dette til stor glede for både pasientar og tilsette. Stor takk til alle klubbar som gjennom mange år har støtta augehelse og dei andre fellesprosjekta våre. Saman får me til så mykje meir. **Som det står i handlingsplanen til distriktet:** "Være lojal og ha respekt for alle vedtak fatta på demokratisk måte i organisasjonen. Organisasjonen treng oppslutning frå alle klubbar for å kunne gjennomføra forpliktingane sine."

Nytt utstyr på plass.



Ta gjerne kontakt med meg eller andre resurspersonar i Distriktet dersom klubben treng litt fagleg på fyll eller inspirasjon. Det er ei utfordring med aktivitetar i denne koronatida. Men finn kreative løysingar i staden for å gje dei opp. Hugs at det er mange som treng oss, både her heime og ute i verda. **Ta vare på deg sjølv og alle rundt deg, det er det aller viktigaste nett no.**

Beste lionshelsing frå

Gunnhild Rein Almås

Distriktsguvernør 104C 2020-2021

Telefon 90 79 67 47 - c.dg@lions.no



**BE SOMEONE'S
SUNSHINE WHEN
THEIR SKY IS GREY**